

Informasjon

# HYRDINGRØYSTA

NR. 4/2021

DESEMBER

Grunnlagt 1938

82. årgang



*God jul*

# Frå redaksjonen

Atter ein gong er vi på veg inn i høgtida som lyser opp i mørketida, ei høgtid der familiehygge og ro står i høgsetet, men også ei høgtid der den eldgamle bodskapan om fred på jord attar skal formidlast.

Den himmelske hærs karen som utanfor Betlehem, ifølgje juleevangeliet, song «Ære vere gud i det høgste og fred på jorda» hadde nemleg ein bodskap som er minst like aktuell i dag. Vi er no i adventstida vitne til ei verd der krig, eller fare for krig dominerer nyheitene. Stadig oftare ser vi døme på eit stormaktsspel som handlar om å kontrollere verda og dermed ressursane. Krigersk retorikk og sabelrasling er blitt meir vane enn unnatak, og organisasjonar som FN ser meir eller mindre ut til å vere handlingslamme, og slik blir det sjølv sagt så lenge stormaktene har vetorett og såleis kan blokkere alle vedtak som ikkje passar dei.

I det siste har vi også sett at flyktningar har blitt brukte som våpen i rivaliseringa mellom aust og vest i Europa. Det heile er eit skite spel, sett i scene av maktsjuke og omsynslause aktørar som ikkje skyr noko middel i kampen for å nå måla sine.

Vi går altså inn i ei julehøgtid med store spenningar, med store utfordringar når det gjeld flyktningar frå sør mot Europa og vi er framleis inne i ein pandemi som ingen ende vil ta. Det siste er vel det som kanskje bekymrar oss jølstringar mest, i alle fall på kort sikt. Men vi står trass alt betre rusta denne jula, samanlikna med i fjor, sidan vi etter kvart har fått relativt god vaksinedekning.

Kyrkja har hatt store utfordringar gjennom pandemien, men har i haust hatt eit meir normalt liv. Men ting skifter fort når det gjeld smittepress og restriksjonar. Såleis kan vi aldri vere sikker på at det igjen kan komme smittevernreglar som kan avgrense kyrkja sine aktivitetar.



Men no handlar det først om å feire jul, og attar ein gong skal vi høyre forteljinga om det vesle barnet som vart fødd i ein stall og som fekk ei krubbe til seng. På nytt skal det lyse i stille grender og på nytt skal det kimast til julefest med kyrkjeklokker over eit vintermørkt land. Kyrkjene skal fyllast og juletradisjonane skal dyrkast. Men så er det alltid nokon som fell utanom, også i jula. Det er såleis all grunn til å rose alle dei som rundt om skipar til julefeiring for einslege, for dei som slit med rusproblem og dei som elles fell utanom «det gode selskap».

Hyrdingrøysta vil med dette ønske lesarar og annonsørar ei god og fredeleg Jul. Om litt går vi inn i eit nytt år, eit år som ligg der med blanke ark. Lat oss håpe det blir eit godt år for alle.

God Jul!

## Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fylldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

## KYRKJA I JØLSTER

### KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

### HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

### Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

**Nils Gjerland, leiar** tlf.: 950 74 007

### Ålhus sokn:

**Marta Fimreite** tlf: 913 87 552

### Helgheim sokn:

**Astrid Aardalsbakke Feldt**

☎ 416 84 368

### Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

### Fungerande sokneprest

**Reidar Knapstad**

☎ 975 68 220?

### Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

### Kyrkjeverje

**Inger Hageberg Øvrebo**

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

### Ass. kyrkjeverje

**Trond Herlosund**

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

### Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

### Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

### Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

### Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

### Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

### Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

## HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

## ANDAKT

Ved HALVOR NORDHAUG, biskop i Bjørgvin

*Ei kroppsleg jul*

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vår og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær. Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpe-laus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar



Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølv dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest

vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko.

for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passsar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på. Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vår trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og vel-signa jul!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*

## HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.


Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

## BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,  
Bjørg Dvergsdal og  
Hildegunn Huus  
hdvergsdal@gmail.com  
Neste nummer kjem i oktober.

**GJESTESKRIBENTEN:**

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skriveklæe og for dei som brenn for noko. I denne

spalta vil vi oppfordre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmøde skribentar

om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det Elsa Norunn Håheim Nydal som fortel om barndommens jul.

# Minne frå jula i åra 1958 og 1959

**«Krrraasj», sa det mellom dei små fingrane. Mamma hadde lyft opp yngste søster mi for å vise henne pynten på juletreet. Nykveikte juletrelys gav blenk til barneauge og julepynt.**

Tekst og foto: ELSA NORUNN HÅHEIM NYDAL

Elektrisk straum hadde vi fått til jula, 1953, men elektriske juletrelys hadde ikkje foreldra mine kjøpt til denne jula heller. Mamma var ekstra glad for å vise fram juletreet dette året, spesielt til søster mi som berre var eitt år.

Mamma hadde vore på juleutstillingane på samyrkelaget og grossbutikken på Skei. Der hadde ho kjøpt litt ny julepynt, mellom anna ei juletrekule i mangefarga juletrekuleglas. Kula var forma som ei korg fylt med prestekragar, for-glem-meg-ei og andre blomar. No hang korga i juletreet frå ei raud piperensarhank. Eg tykte korga var vedunderleg vakker. Mamma hadde hengt korga øvst i treet. Nokre av oss fire søsken var i klåfingeralderen framleis, difor måtte korga hange på ei grein nedanfor juletrefluglane. Tenk dykk – så flott korga med den raude piperensarhanken tok seg ut på grangreina saman med heimelaga papirlekkjer og fletta, hjarteforma papirkorger, englar, flagglekkjer og glitter i den bjørvevedfyrte bestestova. Ja, - tenk, - for

mesteparten av julepynten på den tid var av det heimelaga slaget i dei fleste heimar, blanda med gamle glasfuglar, glaskuler, delvis falma glitrelekkjer og flaggrekkjer, ja, det hende endåtil at bomullsdottar vart nytta til å skape illusjon av nyfallen snø på julegrana. Men no låg den nykjøpte kula i knas på golvet. Eg tykte det gjorde vondt å sjå den raude hanken hange att skeiv og skjelvande på greina, saman med ein tunn, lang metallstreng. «Uff, berre du no ikkje skar deg på glasbitane», hørde eg mamma seie medan ho granska hendene til veslesøster. «Ja, ja» --- sukka ho før ho kosta opp glasbitane.

Resten av denne julekvelden feira vi som vanleg med song kring juletreet, god mat og opning av julepakkar. Vi song også ein heilt ny song i tillegg til alle dei andre, vanlege, Kaldt og mørkt og lite sol, for første gong denne jula. Maria Huslid som var lærar på Klakegg skule, hadde brukt adventtida til å lære oss å lage julepynt samstundes som ho lærde oss denne songen.



*Denne juletrepynten har eksistert i over 60 år og er eit kjærte minne. Nede til venstre kan ein skimte teksten som avslører pyntepapiret sitt opphav.*

Eg laga ein dompapp av utklipt papp med vengjer av glanspapir. Dompappen fekk hange saman med glasfluglane øvst treet. Eg trøysta meg litt med å sjå på dompappen sidan julekorgkula vart knust tidlegare på dagen.

Eg hugsar ikkje at det hende noko særskilt i romjula, ikkje anna enn at vi kledde oss ut og gjekk julebuk på nyttårskvelden. Så kom tjuandedagen. Då skulle juletreet ut. Mamma la all pynten i høvelege øskjer og plasserte dei i ei stor kasse på mørkeloftet. Eg la merke til at ho la den raude piperensar-



Elsa Norunn Håbem Nydal minnest barndommens jul.

hanken pluss den blanke, tunne metallstrengen til sides. Eg tenkte ikkje meir over dette då.

Etterjuls vinteren gjekk fort. Det vart vår, sommar, ny haust, alt med travle onnetider, mest for dei vaksne, men vi borna laut hjelpe til etter kvart. Så kom førejulstida, med heimeslaktning og stell av kjøtet, baking og rundvask i huset. Likevel, mamma brukte nok ein kveld etter at vi borna hadde lagt oss til å lage ny julepynt.

Ho leita fram piperensarhanken og øskjedelen av ei fyrstikkdåse. Ho hadde også vaska og teke vare på den finaste delen av papiret som hadde vore på ei pakke meierismør, i tillegg til ein rosa julegledesblom med knupp av voksa papir, to pappmaschéflugesoppar, ei lita raud juleglaskule og litt grøn cellofan. No sveipte mamma smørpapiret kring fyrstikkdåsen og la ein bomullsdott i botnen. Bomullsdotten vart til mjukt underlag for flugesoppane, julegleda og den vesle raude kula. Den grønne

cellofanen vart til ei sløyfe der grønfargen laga flott fargekontrast saman med flugesoppane, julekula, den raude hanken og det gullblanke papiret frå meierismørpakken.

Jula, 1959 kom. Mamma pynta juletreet som vanleg med både eldre og nyare pynt. Den heilt nye fyrstikkdåsekorga hengde ho i augehøgde for meg som var eldst i søskenflokkjen. Som i tidlegare år, gjekk heile familien kring juletreet og song, - mange, mange julesongar, alle vers, og alt utanboks. Denne jula song vi for første gong, Det lyser i stille grender. Maria Huslid hadde lært oss den i adventtida. Eg såg på fyrstikkdåsekorga for kvar runde kring juletreet. I mine auge var korga aller finaste pynten. Noko av teksten på smørpapiret var bortklipt, men korga hang slik til at eg kunne lese --- STE NORSKE SMØR med grøn skrift.

Over 60 år har gått. Media prøver ofte å minne oss om gjenbruk. Fyrstikkdåsekorga fortel om ei tid då dei fleste måtte ta vare på eignelutane, kort sagt, nytte brukande restar, - også om noko vart knust. Svært mange tykkjer nok at julepynt laga av ei fyrstikkdåse ikkje er noko å ta vare på. No har alle rikeleg med fabrikkprodusert julepynt. Men fyrstikkdåsekorga frå jula 1959 høyrer med til kjæraste julepynten min. Den grønne cellofansløyfa er knurva. Piperensarhanken er skeiv, men i eine hjørnet skin framleis teksten, ---STE NORSKE SMØR med grøn skrift mot gyllen glans på meierismørpapiret. Korga er ikkje eit dekorativt kunstverk, men ho er døme på at skaparglede blanda med kjærleik til heimen og dei næraste, gjev varig glede i barnesinn.

Jula er feiring av det store mysteriet, barnet i krubba, - og den barnlege gleda i kvart einskilt menneskehjarte.

Vi har det godt i korga vår framleis, bomullsmjukt og godt. Og, - vi har framleis DET BESTE NORSKE SMØR på bordet i vid forstand, - om enn i endra innpakning.

# La Grace få fylle fem år

Akkurat no ligg Grace trygt i armene til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Tekst: ANETTE TORJUSEN Foto: HÅVARD BJELLAND

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

## Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringssvaviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

## Jordfar på vakt

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødre.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.



Anita Lamisoni har akkurat fødd sitt første barn. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp

## Kamp om plassane

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var

høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

## Trygg framtid.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.



**KIRKENS NØDHJELP**

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:**

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

– Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte, om du tyk-

kjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom det er veldig langt. Så er

det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



## Møte med eit dikt

Denne gongen er det MARIT ROGNE HØYVIK som presenterer eit dikt ho er glad i.



Marit Rogne Høyvik har leita fram diktet «Julegjesten» når ho skal fortelje om eit dikt ho er glad i.

Diktet Julegjesten står i ei lita diktsamling som heiter «Under ein open himmel» av Haldis Reigstad. Hennar dikt er enkle og lettfattelege. Ho var og er oppteken av alt i skaparverket, både naturen og mennesket, og ikkje minst borna. Og fundamentet i all hennar dikting var den sterke og trygge Gudstrua.



Haldis Reigstad

### Julegjesten

Du vesle barn i Betleheim, du er så snill og god,  
no må du koma inn ti oss med sjelefred og ro.  
Det er jo dagen din i dag, og me skal halda fest,  
Men du må ikkje gløyma det at du er berre gjest.

Me har diverre ikkje plass, du kan kje bu her støtt,  
Men me vil alltid hugsa på den dagen du vart født.  
Så kom igjen til neste år, då ventar me deg , du,  
Hjå Olsen, han i nummer ti, der får du sikkert bu.

Men julefest det vil me ha, og du skal vera med,  
Så kjem du julekvelden då, sånn cirka klokka tre.  
Og du kan vera sikkert på at du får koma inn,  
For me er alltid heime me på fødselsdagen din.

Det er så mange menneske som tenkjer nettopp slik,  
Og berre du kan svare på om du er desse lik.  
Er jula di ein vinterfest med glitter og med stas,  
Og Jesus kun ein julegjest som er på visitas?

Første gong eg las dette diktet, trefte det meg midt i hjartet, og har fylgt meg seinare. Mi bøn og mitt ynskje då og no var og er: Hjelp meg Jesus så du kan vera hos meg kvar dag!

## Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

### Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874  
Knut Osvoll tlf. 911 90 709  
Turid Høyvik tlf. 472 48 832  
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

### Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552  
Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812

# JULEMAT OG JULETRADISJONAR



Kokebokforfattar Kari Støfringsdal veit mykje om julemat og andre juletradisjonar.

**Inga høgtid har vel vore meir prega av tilbakevendande mattradisjonar enn julehøgtida. Men er desse tradisjonane på veg ut? Blir julemat laga etter gamle oppskrifter slik våre foreldre og besteforeldre gjorde det?**

Tekst og foto: BJØRG DVERGSDAL

Allereide frå oktober møter butikkane oss med mangt som høyrer jula til. Og vi høyrer fleire seie at dei er leie av jula før nyttår. Enkelte kastar ut juletreet i romjula. Har vi «flytta» jula frå november til nyttår, mot at vi tidlegare feira jul frå julafta til 20. dag jul?

*Og kvifor er det i så fall slik?*

## Altfor tidleg jul ?

I butikkane finn vi allereie i oktober julekaker, julebrus, julesnop, sylteflesk, lutefisk og mangt anna som før i tida var knytt til julehøgtida.

*Er dei gode gamle julemat-tradisjonane vekke?*

Vi går til Fjordamattunet og Kari Støfringsdal som er ekspert på mat-tradisjonar for å prøve å finne ut litt meir om dette.

På spørsmålet mitt om butikkane startar for tidleg med juleting, seier Kari at ho synest nissar, glitter og julelys kunne ein godt venta med. I andre land byrjar dei kanskje like tidleg, men pyntar litt meir etter kvart og toppar det heile rett før jul. Då blir det ei stigning i forventningane. Her i landet blir alt sett fram samtidig, og altfor tidleg.

– Det er litt unødvendig med peparkaker og julenissar i oktober, meiner Kari.

## Bake sjølv?

*Kvifor skal folk bake sjølv når ein kan få kjøpt det meste på bakeri, i butikk og på julemesser?*

“

Det er ein verdi i seg sjølv å lære ungane at det går an å lage noko sjølve.

Kari meiner dette må vere eit val vi gjer. Ho synest det er kjekt å bake litt i lag med barnebarna. Det er ein verdi i seg sjølv å lære ungane at det går an å lage noko sjølv. Alt treng ikkje kjøpast ferdig, og det er noko ekstra med å kjenne lukta av julebaksten i huset.

Ho tenkjer tilbake på sin eigen barndom. Faren dyrka mange ulike grønnsaker: rødbetar, salat, graskar, kål, kålrot, gulrot, m.m. Alt måtte lagrast eller konserverast og brukast gjennom året. Dei sylta rødbetar og graskar og brukte dette m.a. til julemiddagen.



# FØR OG NO

## Førjulstida - ei stor onn

Ho minnest at tida frå oktober til jul tidlegare var ei stor onn. Først slakta dei sau. Mykje av kjøtet der skulle saltast og tørkast. Kjøleskåpet var ikkje i allemannseige før godt utpå 50-talet, så tørking av kjøt var viktig.

Så skulle det kokast smolt. Smolt hadde ein bruk for til å steike smoltringar i. Smoltkoking kunne ein gjere i god tid før jul. Det same galdt flatbrødbaking og baking av fiskebrød.

Når grisen var slakta, vart det laga sylteflesk. Ribba vart salta og tørka. Grisene var ofte store, av og til 120-130 kg. Dette vart det store ribber og godt sideflesk av. Heime på Juklestad sparte dei svinenakke og grisehovud til feitetysdag (tysdag etter Fastelavnssøndag).

Søndag før jul vart kalla skitnesøndag. Då kunne ein arbeide litt utan å få dårleg samvit. Denne dagen vart det servert raspekake og sauehovud. Mange brukar dette også i dag.

Alt i alt har julemattradisjonane halde seg meir enn andre mattradisjonar. Det er framleis pinnekjøtt, svineribbe og surkål som tronar øvst på matlista julaftan. Og fisk 1.juledag.

## Travel adventstid, men aktivitetar før

– I dag er adventstida prega av andre aktivitetar. Det er mykje som skal feirast før jul. Mange stader er det julemesser. Det er avslutning i barnehage, på skulen, i dei fleste organisasjonar og lag ungane er med i. Dette skapar ein ny tradisjon, og alt dette tek tid, seier Kari.

Ja, vi skjønar at dersom vi har hatt jula på besøk ein månad, er vi kanskje litt fornøgde eller kanskje til og med leie av jula?

Tidlegare var det fleire juletefestar, i romjula og langt utpå nyåret, gjerne heilt til 20. dag jul (13. januar), men frå gammalt av rekna mange jula vara heilt til kyndelsmesse (2. februar). I dag er det få juletefestar.

–Kva vil folk ha hjelp frå Fjordamattunet til å lage no føre jul?

– Dei vil først og fremst lage lefser, fiskebrød, flatbrød, julepølser, og julepålegg som sylteflesk, fårerull og gravlaks.



Denne gamle peisen ruvar godt i baksterommet til Kari Stofringsdal.



Baking av lefse og flatbrød bøyrrer med til juleførebuingane.

## Heime hos Kari

Tradisjonelle julekaker kjøper eller lagar kanskje folk på eiga hand, men vi lurer på dette:

– *Kva slags julekaker må Kari ha heime hos seg?*

– Eg må ha bordstabelbakkels som vi brukar til dessert, sirupsnippar etter mamma si oppskrift, kvite kakemenn, havrekjeks og kanskje kokosmakronar. Så lagar vi vørterbrød, julebrød, ulike grovbrød og fletteloff.

Brødmaten må stå på bordet ved julefrukosten både første juledag og andre juledag når storfamilien er samla.


## – Korleis er ditt beste juleminne Kari?

I dag er det mange som pyntar juletreet fleire dagar før jul. Slik var det ikkje då Kari voks opp.

– Då eg var lita, var det far som pynta treet julaftan. Så vart julehefta lagde fram. Det var Smørbukk, Tuss og Troll, Juletre og Knoll og Tott. Midt på dagen åt vi risgraut. Etterpå kvilte foreldra middag medan vi ungane tok oppvasken og vaska golvet. Lukta av ribbe både av sau og gris, salta, tørka og røykt og surkål er eit godt minne. Så kom ei tante som alltid feira jul hos oss. Ho kom med bussen frå Sandane. Og når ho kom på tunet, *då* starta jula.

# NISSE-PERS REBUS-T

1. NISSE-PER STARTER I ...



2. TUREN GÅR TIL ...



3. VESTOVER TIL ...



4. VIDERE TIL ...



5. OVER FJELLET TIL ØYA ...



6. SJØVEIEN FORBI BYEN ...



7. PASSERER «ROSENEBY» ...



8. NORGES KORTESTE STEDSNAVN ...



9. FRA DETTE STEDET ...



10. GÅR FERDEN TIL ...



11. OVER ...



12. OG FREM TIL ...



Ute og heime, før og no:  
Litt å bryne seg på  
for store og små

Når startar kyrkjeåret?

Kva liturgisk farge brukar presten i jula?

Kva grunnla Robert Baden-Powell?

Kva kallar vi perioden i Noreg mellom år 800 og år 1050?

Kva for eit år vart FN stifta?

Kven spela Engel Astrup i Astrup-filmen?

Kven er ny utanriksminister i Noreg?

Kva er eit meir vanleg namn på NaCl?

Kva heiter broren til Super Mario?

Kva feirer vi 31. oktober?

Kva vert livvaktene som vaktar Paven og Vatikanpalasset kalla?

Kva heiter heilagdomen alle muslimar vender seg mot når dei ber?

Kva heiter varaordføraren i Sunnfjord?

Ein «jølstring» høgt oppe i kommuneadministrasjonen skal slutte. Kven?

Kor mange representantar er det i kommunestyret i Sunnfjord.

## Mariahelg på Alværa misjonssenter i Lavik



4.-6. mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar.

På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Sidan det ikkje vart noko av den planlagte Mariahelg i 2021, køyrer vi same tema som var planlagt i fjor; «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Har du spørsmål om helga og programmet, ta kontakt med Hanne Bildøy tlf. 996 10 528, epost hanne@bildoys.no.

# Saker som Helgheim sokneråd og Ålhus sokneråd har arbeidd med i fellesskap siste halvåret

Som sikkert ein del hal fått med seg, men sikkert ikkje alle, vert det i kyrkja arbeidd med ei ny kyrkjeleg organisering. På møte i september fekk vi sjå ein info-film om arbeidet for å få ein forsmak på det arbeidet vi måtte gjennom. Denne saka har sokneråda hatt oppe i to møte, både 28.09 og 23.11.

I grove trekk kan vi vel seie at endringa går ut på å styrke/endre prostia ved at det er føreslege eit prostifellesråd. Og i tillegg ha ein felles arbeidsgjevar for alle i tilsette i kyrkja. Vil ha det som før

Ei slik ordning kan få som konsekvens at kyrkja og den sitt arbeid blir meir fjern frå kommunane som skal løyve pengar til det kyrkjelege arbeid. I prostia er det veldig stor skilnad på kommunestorleiken og det og kan slå negativt ut. De kan lese meir om dette på nettet <https://kirken.no/kirke-ligorganisering>

I fellesmøtet mellom Helgheim og Ålhus sokneråd den 23.11.21 vart vi samde om at ordninga vi har i dag fungerer bra, og så langt det er mogeleg vil vi halde på den.

## Løn og ikkje løn

Ei anna sak som har vore jobba med er løn til dei som har klokkestillingane i kyrkjene



Ålhus kyrkje i juleskrud.

rundt i sokna i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Her har vore ulik handsaming og det er uheldig. Det er og uheldig at det vert plukka ut ein type stillingar i kyrkja som skal gjerast på dugnad, medan dei andre vert lønna. For dei fleste sokna er det snakk om små stillingar, men ikkje desto mindre

er dei viktige. Så vert sokneråda stadig minna på smittevern,

Konfirmantkappene må ein vedlikehalde og av og til må ein supplere. Dette har vi teke tak i denne hausten. Vi har litt få lange kapper så det skal vi prøve gjere noko med.



Rakel Myklebust spelte blokkfloyte under generasjonsgudstene i Helgheim kyrkje.

## Må passe budsjettet

Litt pengar får sokna frå fellesrådet utover det som er budsjettet, og dei fordelar vi etter beste evne. Og vi må sjå på budsjettet av og til, slik at det ikkje blir brukt meir pengar enn det som er til disposisjon.

Saker som vi omlag drøftar i kvart møte, er aktiviteten i sokna, korleis det fungerer og om det er noko vi må endre på. Gudsteneletter og andre arrangement ser vi på og oppdaterer.

I tillegg til dette har vi saker som sokna arbeider med kvar for seg.

I Helgheim sokn har vi gjort ein del i og rundt kyrkja med utgangspunkt i midlar frå Fam. Ivar Helgheim. Vi har hatt generasjonsgudstene, torsdagsklubb/søndags-skule, og vi drøftar også speidararbeidet. Ålhus har og sine aktivitetar, frivillig arbeid i soknet for dei eldre blant anna.



## Babysong

– oppstart i januar. Oppslag kjem på FB og heimeside/plakat



## Andakt

VASSENDEN OMSORGSSENTER

Tysdag 21. desember kl 14:00

## Andakt

I STOVA PÅ

SKEI OMSORGSSENTER

Tysdag 21. desember kl 16.15

INFORMASJON OM  
FLASKEINNSAMLING I  
HELGHEIM SOKN  
FREDAG 7. JANUAR 2022



KFUK-KFUM  
SPEIDERNE

Speidargruppa vil også i år ha si vanlege flaskeinnsamling like etter nyttår. Vi planlegg å gjennomføre innsamlinga fredag ettermiddag /kveld 7.januar. Om du ynskjer å gje flasker, men ikkje vil ha folk på døra kan du setje fram flaskene på førehand.

Speidargruppa vil ynskje alle i Jølster ei **GOD JUL** og eit **GODT NYTT ÅR**. Takk for samarbeid og velvilje i året som er gått!

## Jølster KFUK–KFUM speidarar sin ÅRSFEST

vert søndag 23. januar 2022 klokka 17.00 på Thon hotel, Jølster.

Alle er velkomne til å vere med på årsfesten, både speidarfamiliar og andre. Ymse program, som opptak av nye speidarar, loddsal, mat og kaffi, andakt, årskavalkade med film og bilde av aktivitetane i gruppa gjennom året.

VELKOMEN!

## Saker i Sunnfjord Kyrkjelege fellestråd september, oktober og november 2021

For at lesarar av kyrkjebladet skal få litt inntrykk av kva saker som vert jobba med i Sunnfjord kyrkjelege felesråd har vi laga eit samandrag for ovannemnde tre månader.

Ein del gjeld naturleg nok økonomi der det kan nemnast:

- Covid 19 tilskot til kyrkja.
- Budsjettendringar for 2021 omfordelingar. Budsjettråme frå Sunnfjord kommune
- Budsjett for kyrkjeleg sektor for 2022. Forbruk for 2021 er lagt til grunn, samt behov for endringar og vedlikehald i sektoren.
- Betalingssatsar for gravferder av personar busette utanfor soknet.
- Oppgjer etter arv/gåve, Gaular.
- Bundne fond Jølster, barne/ungdom/diakoni.
- Tertialrapportar

Tilsettingar i vakante stillingar, samt endringar av arbeidsoppgåver og andre presiseringar:

- Diakontilsetting i Gaular
- Interne utlysingar grunna ikkje heile stillingar.
- Kyrkjegardsarbeidar i Gaular.
- Arbeidstidsreglement, nokre endringar og presiseringar.
- Registrering av arbeidstid.
- Arbeidstid på leir.
- Bruk av løna og uløna stillingar i kyrkja.

Ny kyrkjeleg organisering har vore ei stor sak som har vore ute på høyring. Både Sunnfjord Kyrkjelege fellestråd og sokna i Sunnfjord kommune har lagt ned mykje arbeid her. Vi kjenner ikkje kva alle sokna



Nils Gjerland er leiar i Sunnfjord kyrkjelege fellestråd.

har sagt, men Sunnfjord kyrkjelege fellestråd og sokna i Jølster har her mykje same oppfatning .

Andre saker som har vor opp i utvalet og som vert arbeidd med er:

- Høyring av endring gravplasslova og gravplassforskrifter.
- Gjenbruk graver i familiar.
- Orgelnemnd i Gaular.
- Uttale frå Riksantikvaren om overbygging vestvendte dører i Vevring og Bygstad kyrkjer.
- Vurdere endring av driftsløysingar for IKT
- Merknad til høyring om kommuneplanen sin samfunnsdel. I høyringssvaret er det lagt vekt på finansiering av kyrkja sitt åndelege og kulturelle arbeid.
- Overføring av prestegardane til Opplysningsvesenets fond med rettssubjekt Den Norske kyrkja, dette gjeld Gaular og Jølster.
- Skifte orgel i Bygstad kyrkje.
- Val av leiar og nestleiar – attval på begge, Leiar Nils Gjerland og nestleiar Jettvard Kalland.



## TIDEBØN

VASSENDEN KYRKJESENTER

Ei stille stund med rom for ro og ettertanke.

Kvar tysdag er klokka 11:00 Unnatak: Når det er gravferd.

## Fotoglimt frå kyrkje- lydane

Som vi kan lese av rapportane frå sokneråda så har det vore ganske stor aktivitet i kyrkjene, trass i pandemien. Vi tek med nokre foto frå kyrkjene.


*Neste års konfirman-  
tar i Ålbus sokn. Foto:  
Björg Dvergsdal*




*6-åringane i Helgheim sokn med kyrkjebok. Framme frå venstre: Isak Sunde Solheim, Dennis Senneseth, Emilis Degutis, Oliver Bakke, Ingelin Trå Sæggrov, Ingrid Dvergsdal, Hannab Pilsak  
Bak frå venstre: Mathea Bolset Fugle, Tirill Bolset Fugle, Kristina Flatjord Sunde, Elias Sunde, Martine Klakegg Førde, Ask Halland-Eide, Ottar Andre Bruland-Dvergsdal.*

*Generasjonsgudsteneste i Helgheim samla unge og eldre til forkynning og sosialt samvær. Foto: Vidar Feldt.*



**SPAR**   
NETTBUTIKK  
Alltid same pris  
på nett som i butikk

**VI HANDLAR FOR DEG!**  
Bestill på [nettbutikk.spar.no](http://nettbutikk.spar.no)  
Hent varene ferdig pakka hos  
SPAR Jølstraholmen eller  
få dei levert på døra.

  
skei@audhild-viken.no  
Tlf. 57 72 81 25

  
MASKINENTREPRENØR  
**Ottar Dvergsdal AS**  
952 00 433

**JØLSTER RØR AS**  
Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820  
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823

  
COOP MARKED VASSENDEN  
Måndag–fredag: 8–20  
Laurdag: 8–18  
Tlf: 57 72 72 00  
vassenden@marked.coop.no

  
COOP MARKED SKEI  
Måndag–fredag: 8–21  
Laurdag: 9–18  
Tlf: 57 72 83 77  
skei@marked.coop.no

**nordfjord SKIFER** *Naturstein av høy kvalitet*  
Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

  
VESTLAND ELEKTRO OG RØR  
Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei  
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST [svein@vestlandgruppen.no](mailto:svein@vestlandgruppen.no)

  
Tlf. 57 82 70 30 • [fjordan.no](http://fjordan.no) • [eirik@fjordan.no](mailto:eirik@fjordan.no)

**Fjordamat TUNET**  
- kurs og oppleving  
Støringdal • Tlf. 951 46 531 • [fjordamattunet.no](http://fjordamattunet.no)

ENTREPRENØR  
**Ivar A. Sunde AS**   
6847 Vassenden

 **Jølster Bil AS**  
[www.jolsterbil.no](http://www.jolsterbil.no) Tlf. 57 72 68 90

**Eikås Frisør**  
EVA AARSETH  
Tlf. 57 72 75 88

 **Åsen & Øvrelid as**  
Tlf. 57 72 38 50

  
Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.  
Tlf 920 62 203 Mail: [post@jolvassbu.no](mailto:post@jolvassbu.no)

MASKINENTREPRENØR  
**Jostein Sunde AS**  
[jostein-sunde.com](http://jostein-sunde.com)  
Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige  
post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

  
**EIN SMAK AV TRADISJON**  
frå Anne Grete og Hilde  
Søgnasand • 6843 Skei  
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236

  
**ALF HELGHEIM & CO AS**  
6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 83 11  
post@alfhelgheim.no  
www.alfhelgheim.no  
FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

  
Canonringen  
Viken Canon

**ROALD SUNDE**  
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning  
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915  
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

**VASSENDEN TAXI**  
mob. 482 10022  
Drosje, rullestolbil og minibus

  
Tlf: 57 72 74 15 • [www.jolsterbygg.no](http://www.jolsterbygg.no) • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?  
Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.  
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

  
SOS  
22.40.00.40

  
SOS  
CHAT

  
KIRKENS  
SOS

# Kyrkja er vår heim



## DESEMBER

### 2. søndag i adventstida – 05.12.

FØRDE GRENDAHUS kl.11:00

Adventsgudsteneste

### 3. søndag i adventstida – 12.12.

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Adventsgudsteneste med nattverd

15.12 skulegudsteneste Vassenden skule

Vassenden kyrkjesenter kl.09:15

### 4. søndag i adventstida – 19.12

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Adventsgudsteneste med dåp.

Og utdeling av barnesalmebok til 8 og 9 åringar i Helgheim sokn.

### Julaftan 24.12

HELGHEIM KYRKJE kl.14:00

Julaftangudsteneste -Familiegudsteneste

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.16:00

Julaftangudsteneste -Familiegudsteneste

### Juledag 25.12

ÅLHUS KYRKJE kl.12:00

Høgtidsgudsteneste

### Nyårsaftan

ÅLHUS KYRKJE kl. 23:15

Midnattsgudsteneste

## JANUAR

### Kristi openberringsdag – 02.01

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste med nattverd

### 2. søndag i openberringstida – 09.01

kl.11:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Gudsteneste med dåp og nattverd

### 3. søndag i openberringstida – 16.01

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste med dåp og nattverd

### 4. søndag i openberringstida – 23.01

kl.11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste med nattverd

### 5. søndag i openberringstida – 30.01

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Familiegudsteneste med nattverd

## FEBRUAR

### 6. søndag i openberringstida – 06.02.

kl.11:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Gudsteneste med nattverd

### Såmannssundagen – 13.02.

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste med nattverd

### Kristi forklåringsdag – 20.02.

kl.11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste med nattverd

### Søndag før faste – 27.02.

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Familiegudsteneste

## MARS / APRIL

### Askeonsdag - Onsdag 02.03

kl.19:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Kveldsgudsteneste med allment skriftemål

### 1. søndag i fastetida - 06.03

kl.11:00 ÅLHUS KYRKJE

Familiegudsteneste

### 2. søndag i fastetida - 13.03

kl.11:00 HAUGTUN

Familiegudsteneste

### 3. søndag i fastetida - 20.03

kl.11:00 VASSENDEN KYRKJESENTER

Gudsteneste

### Maria bodskapsdag - Søndag 27.03.

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Gudsteneste

### 4. søndag i fastetida - Søndag 03.04

kl.11:00 ÅLHUS KYRKJE

Gudsteneste

### Palmesøndag – Søndag 10.04

kl.11:00 HELGHEIM KYRKJE

Familiegudsteneste



Det kan bli endringar

i gudstenestelista, følg med i laurdags-Firda og Facebook/heimeside.

## Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

26.09 Josefine Vik Heggertveit

17.10 Klara Indrebø

07.11 Selma Aamot Fenne

Vassenden kyrkjesenter

14.11 Adam Olai Høyseth Vallestad

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

21.11 Mintra Giamsanmuang

21.11 Chavis Giamsanmuang

21.11 Amanda Sunde

## Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

05.10 Oddmund Årdalsbakke

12.11 Norunn Berg Svidal

19.11 Paul Solheimsnes

Vassenden kyrkjesenter

16.11 Lidvar Flatbø

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

28.09 Ragna Havnen

01.10 Kari Marie Sunde

01.10 Roald Ola Helgheim

08.10 Sigrid Veiteberg

22.10 Agnes Johanna Åsen

26.10 Randi Helgheim

19.11 Alf Helgheim

Tysdag 21. desember kl.19:00 Helgheim kyrkje  
– den tradisjonelle julekonserten med kor og korps

# Kvar adventsøndag

Det er lenge sidan  
eg var lita jente  
Adventkalendaren var ikkje oppfunnen

men mamma laga adventkrans  
av bjørkegreiner duppa i våt gips  
og dryssa over sukker

Fire kvite lys  
vart feste til kransen  
med blanke juletrelysklyper

Vekedagane talde vi ikkje

men eg hugsar  
det glitra  
i sukkeret

*Elsa Norunn Håheim Nydal*

